

# Babysong



Velkommen til babysong på Fitjar bedehus  
kl.10:30-12:00 for alle som er heime med  
baby!

Me samlast til songstund med tradisjonssongar, barnesongar, regler og rytme. Etter samlinga et me niste saman, de har med niste og kopp, me har kaffi/te og vatn! Ta med eit teppe/gulpeklut til å ha under babyen og gjerne tjukke sokkar/tøflar, då det kan vera noko golvkaldt

**Datoar denne hausten:**

**3. september, 17. september, 1. oktober, 15. oktober, 29.oktober,  
12.november, 26.november og 10. desember**

**Alle er hjarteleg velkomne!!**

Jesus, du er glad i meg,  
Takk for alt eg får frå deg.  
Kom til oss som du har lova.  
Ver hos meg når eg skal sova.  
Hjelp kvart barn på denne jord,  
Sysken, venner, far og mor.

Dei bar småborn til Jesus for at han skulle røra ved dei, men læresveinane viste dei bort. Då Jesus såg det, vart han sint og sa til dei: «Lat småborna koma til meg og hindra dei ikkje! For Guds rike høyrer slike til. Sanneleg, eg seier dykk: Den som ikkje tek imot Guds rike slik som eit lite barn, skal ikkje koma inn i det.» Så tok han dei inn til seg, la hendene på dei og velsigna dei.

Mark. 10, 13-16